



Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Melding om vedtak

Vår ref
2014/938/5/K50

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Tor Taraldsrud
tor.taraldsrud@skjaak.kommune.no

Dato
05.03.2015

Høyring - forenkling av utmarksforvaltninga

Vedtak i Skjåk kommunestyre 19.02.2015 fylgjer på dei neste sidene.

Med helsing

Tor Taraldsrud
Miljøvernkonsulent

	Skjåk kommune Plan, samfunn og miljø	Arkivsak: 2014/938-3 Arkiv: K50 Saksbehandlar: Tor Taraldsrud Dato: 11.02.2015
---	--	---

Saksframlegg

Utv.saksnr	Utval	Møtedato
18/15	Skjåk kommunestyre	19.02.2015

Høyring - forenkling av utmarksforvaltninga

Saksutgreiing

Kommunane bør få meir makt i forvaltninga av utmark. Det er forslaget frå ei faggruppe nedsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Landbruks og matdepartementet (LMD) og Klima- og miljødepartementet (KLD).

Faggruppa sin rapport -

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kmd/regj/rapporter_2014/rapport_faggruppe_utmarksforvaltning_2korr.pdf

Dei foreslår mellom anna:

- Kommunane bør få flest moglege oppgåver
- Brukarane skal berre ha ei dør inn til utmarksforvaltninga ved at kommunane skal koordinere alle dei andre forvaltningseiningane.
- Villreinnemnder og verneområdestyrer slås saman til eit utmarksstyre for å få ein meir samordna forvaltning.
- Det bør bli utarbeidd ein samla IKT-løysing for søknader og spørsmål iht utmarksforvaltning.

Innstilling:

Kommunen er bedt om å svare på fylgjande spørsmål:

1. Vil de foreslåtte tiltakene bidra til forenkling i utmarksforvaltningen?

- Kommunane får fyrstelinjeansvar – det bør kunne gjerast det enklare for brukarane.
- Dersom kommunane blir tildelt meir ansvar bør forvaltninga bli enklare, så lenge handlingsrom og kapasitet er tilfredsstillande.
- Lett tilgjengeleg kunnskap og elektroniske søknadsprosedyrar vil kunne gjerast det enklare
- Det er vanskeleg å sjå at ei samanslåing av villreinnemnd og verneområdestyrer vil bidra til å gjere forvaltninga enklare. Verneområdestyrerne har ansvar innanfor verneområda. Villreinnemndene har oppgåver knytt til villreinforvaltning innanfor heile det biologiske leveområdet til ulike villreinstammar, i dei fleste tilfelle er dette betydeleg større enn verneområda. Det er viktig å sjå forvaltninga av heile villreinområdet samla. Oppsplitting

av eit villreinområde i mindre forvaltningseiningar vil vera negativt for å ta vare på villrein. I dei fleste villreinområda ser det i dag ut til at det er eit godt samarbeid mellom villreinnemndene og villreinutvala. Det er ikkje gjeve nokre opplysningar om på kva måte samanslåing av nemnd og verneområdestyre vil gjere forvaltninga enklare. Dersom ein skal endre eit system som fungerer godt bør ein ha grunner til å endre det.

Villreinnemndene gjer juridisk bindande vedtak med heimel i hjorteviltforskrifta. Når det gjeld saker som blir handsama etter verneforskriftene er det verneområdestyra som har heimel til å gjere juridisk bindande vedtak. Nemndene blir ofte rådført og gjer vedtak i saker som blir avgjort av verneområdestyra. Slike vedtak frå nemndene er ikkje juridisk bindande og dei fungerer derfor som eit rådgivande forslag til verneområdestyrene for korleis villrein blir påverka av ulike tiltak. Sidan villrein er ein ansvarsart for Noreg er det ekstra viktig med god fagleg vurdering før vedtak blir fatta. Det er derfor hensiktsmessig med vurdering frå to ulike organ på same problemstilling. Til samanlikning vil det i t.d motorferdselsaker og byggesaker i verneområda vere juridisk bindande vedtak fatta både av kommune og verneområdestyre. I slike tilfelle blir det dobbel sakshandsaming som kan verke forvirrande for brukarane. Villreinnemndene sitt arbeid i dag fungerer på ein måte slik det blir foreslege i denne rapporten: Kommunane har fyrstelinjeansvaret og det er dei som normalt sender saker til villreinnemnda for å få ei villreinfagleg vurdering. Brukarane blir ikkje belasta med fleire søknadsinstansar.

2. Er det andre tiltak som er viktige å få belyst og gjennomført?

- Eit tema som i sterk grad vil gjere utmarksforvaltninga enklare er ein skikkeleg gjennomgang av saker som blir handsama av fleire ulike lovverk. Motorferdsel i verneområda krev t.d. vedtak både iht. verneforskrifter og motorferdsellova m/forskrifter. Her blir det derfor dobbel sakshandsaming. Både verneområdestyre og kommunen må gjere parallelt arbeid. Her vil det vere store moglegheiter for å gjere reelle forenklingar. Tilsvarende gjeld for plan- og bygningsloven og verneforskriftene. Dette er saker der ein ofte får tilbakemelding frå brukarane om at systemet er tungvint og krev tilsvarende søknad sendt til fleire ulike aktørar for å bli handsama av forskjellig regelverk.
- Vi er litt forundra over at det ikkje er gjeve større plass i rapporten til gjennomgang av utmarkslovgivinga. Det er skreve at det er naudsynt med ein meir grunnleggjande gjennomgang av den, men det vanskeleg å sjå for seg noko særleg forenkling utan at lovgivinga også blir vurdert. Vi ser avgrensa verdi av denne rapporten før ei slik lovmessig vurdering ligg føre. Det hadde derfor ynskjeleg om faggruppa hadde fått betre tid til ein breiare gjennomgang av lovverket slik at ein kunne fått forslag til meir konkrete forenklingar.
- Utvikling av naturbasert reiseliv bør i større grad bli integrert i forvaltningsplaner hos kommunane og på regionalt nivå (skreve i rapporten, men bør tydlegare fram).

3. Positive og negative konsekvenser av de foreslåtte tiltakene.

- Overordna politiske tvistar og utfordringar blir ofte dytta nedover i systema og fører til uløyste situasjonar og ulike fortolkingar. Ei tydeleg avklaring av nasjonal politikk og tydelige roller for kvar einskild aktør i utmarksforvaltninga er derfor heilt sentralt for å gjere det enklare.
- Overføring av vilt- og fiskeoppgåver frå fylkeskommunen til kommunane. Mange av oppgåvene som fylkeskommunen handsamar i dag er av regional karakter, det kan t.d. dreie seg om arter som har årsleveområder som strekker seg over fleire kommunar. I slike tilfelle er det hensiktsmessig med ein regional aktør som bidreg til samordna forvaltning over større områder. Det er utfordrande å forvalte artar som har store leveområder, det er

derfor nyttig med ein regional aktør. Tilsvarande ser ein fordelar med lik forvaltning for ein del småviltartar innan større geografiske område. Freding i eit område fører ofte til auka press i andre område, samordna forvaltning vil derfor vera ein fordel og vil vera enklare med ein regional forvaltningsaktør. I rapporten går det ikkje fram kve effekt dei trur dette tiltaket vil gje. Det burde vore gjeve fleire døme på kva effektar forenklingstiltaket vil gje.

- Dersom verneområdestyra blir omgjort til store utmarksstyrer som inkluderer fleire nasjonalparkar blir det mindre lokal forankring. Brukarane føler ofte at kontakta med forvaltninga blir dårligare om avstand til forvaltningsregime blir for stor. Samanslåing til berre nokre få store utmarksstyrer vil undergrave den lokale forvaltninga. Det er viktig at grunneigarane er representert i verneområdestyra. Dersom det blir store utmarksstyrer må ikkje det føre til at færre grunneigarar blir representert i styret. Ofte er det nettopp det som skjer, to områder blir slege saman og arealet bak kvar grunneigarrepresentant blir større (altså krav om større areal for å få ei stemme).

Behandling i Skjåk kommunestyre - 19.02.2015

Ordføraren ber om fullmakt til å legge til litt saman med saksbehandlar Taraldsrud. Dette skal så sendast til formannskapet for godkjenning.

Samrøystes

Vedtak i Skjåk kommunestyre - 19.02.2015

Ordføraren ber om fullmakt til å legge til litt saman med saksbehandlar Taraldsrud. Dette skal så sendast til formannskapet for godkjenning.

Kommunen er bedt om å svare på fylgjande spørsmål:

1. Vil de foreslåtte tiltakene bidra til forenkling i utmarksforvaltningen?

- Kommunane får fyrstelinjeansvar – det bør kunne gjera det enklare for brukarane.
- Dersom kommunane blir tildelt meir ansvar bør forvaltninga bli enklare, så lenge handlingsrom og kapasitet er tilfredsstillande.
- Lett tilgjengeleg kunnskap og elektroniske søknadsprosedyrar vil kunne gjera det enklare
- Det er vanskeleg å sjå at ei samanslåing av villreinnemnd og verneområdestyrer vil bidra til å gjere forvaltninga enklare. Verneområdestyrene har ansvar innanfor verneområda. Villreinnemndene har oppgåver knytt til villreinforvaltning innanfor heile det biologiske leveområdet til ulike villreinstammar, i dei fleste tilfelle er dette betydeleg større enn verneområda. Det er viktig å sjå forvaltninga av heile villreinområdet samla. Oppsplitting av eit villreinområde i mindre forvaltningseiningar vil vera negativt for å ta vare på villrein. I dei fleste villreinområda ser det i dag ut til at det er eit godt samarbeid mellom villreinnemndene og villreinutvala. Det er ikkje gjeve nokre opplysningar om på kva måte samanslåing av nemnd og verneområdestyre vil gjere forvaltninga enklare. Dersom ein skal endre eit system som fungerer godt bør ein ha grunner til å endre det. Villreinnemndene gjer juridisk bindande vedtak med heimel i hjorteviltforskrifta. Når det gjeld saker som blir handsama etter verneforskriftene er det verneområdestyra som har heimel til å gjere juridisk bindande vedtak. Nemndene blir ofte rådført og gjer vedtak i saker som blir avgjort av verneområdestyra. Slike vedtak frå nemndene er ikkje juridisk bindande og dei fungerer derfor som eit rådgivande forslag til verneområdestyrene for

korleis villrein blir påverka av ulike tiltak. Sidan villrein er ein ansvarsart for Noreg er det ekstra viktig med god fagleg vurdering før vedtak blir fatta. Det er derfor hensiktsmessig med vurdering frå to ulike organ på same problemstilling. Til samanlikning vil det i t.d. motorferdselsaker og byggesaker i verneområda vere juridisk bindande vedtak fatta både av kommune og verneområdestyre. I slike tilfelle blir det dobbel sakshandsaming som kan verke forvirrande for brukarane. Villreinnemndene sitt arbeid i dag fungerer på ein måte slik det blir foreslege i denne rapporten: Kommunane har fyrstelinjeansvaret og det er dei som normalt sender saker til villreinnemnda for å få ei villreinfagleg vurdering. Brukarane blir ikkje belasta med fleire søknadsinstansar.

2. Er det andre tiltak som er viktige å få belyst og gjennomført?

- Eit tema som i sterk grad vil gjere utmarksforvaltninga enklare er ein skikkeleg gjennomgang av saker som blir handsama av fleire ulike lovverk. Motorferdsel i verneområda krev t.d. vedtak både iht. verneforskrifter og motorferdsellova m/forskrifter. Her blir det derfor dobbel sakshandsaming. Både verneområdestyre og kommunen må gjere parallelt arbeid. Her vil det vere store moglegheiter for å gjere reelle forenklingar. Tilsvarende gjeld for plan- og bygningsloven og verneforskriftene. Dette er saker der ein ofte får tilbakemelding frå brukarane om at systemet er tungvint og krev tilsvarende søknad sendt til fleire ulike aktørar for å bli handsama av forskjellig regelverk.
- Vi er litt forundra over at det ikkje er gjeve større plass i rapporten til gjennomgang av utmarkslovgivinga. Det er skreve at det er naudsynt med ein meir grunnleggjande gjennomgang av den, men det vanskeleg å sjå for seg noko særleg forenkling utan at lovgivinga også blir vurdert. Vi ser avgrensa verdi av denne rapporten før ei slik lovmessig vurdering ligg føre. Det hadde derfor ynskjeleg om faggruppa hadde fått betre tid til ein breiare gjennomgang av lovverket slik at ein kunne fått forslag til meir konkrete forenklingar.
- Utvikling av naturbasert reiseliv bør i større grad bli integrert i forvaltningsplaner hos kommunane og på regionalt nivå (skreve i rapporten, men bør tydlegare fram).

3. Positive og negative konsekvenser av de foreslåtte tiltakene.

- Overordna politiske tvistar og utfordringar blir ofte dytta nedover i systema og fører til uløyste situasjonar og ulike fortolkingar. Ei tydeleg avklaring av nasjonal politikk og tydelige roller for kvar einskild aktør i utmarksforvaltninga er derfor heilt sentralt for å gjere det enklare.
- Overføring av vilt- og fiskeoppgåver frå fylkeskommunen til kommunane. Mange av oppgåvene som fylkeskommunen handsamar i dag er av regional karakter, det kan t.d. dreie seg om arter som har årsleveområder som strekker seg over fleire kommunar. I slike tilfelle er det hensiktsmessig med ein regional aktør som bidreg til samordna forvaltning over større områder. Det er utfordrande å forvalte artar som har store leveområder, det er derfor nyttig med ein regional aktør. Tilsvarende ser ein fordelar med lik forvaltning for ein del småviltartar innan større geografiske område. Freding i eit område fører ofte til auka press i andre område, samordna forvaltning vil derfor vera ein fordel og vil vera enklare med ein regional forvaltningsaktør. I rapporten går det ikkje fram kve effekt dei trur dette tiltaket vil gje. Det burde vore gjeve fleire dømme på kva effektar forenklingstiltaket vil gje.
- Dersom verneområdestyra blir omgjort til store utmarksstyrer som inkluderer fleire nasjonalparker blir det mindre lokal forankring. Brukarane føler ofte at kontakta med forvaltninga blir dårlegare om avstand til forvaltningsregime blir for stor. Samanslåing til berre nokre få store utmarksstyrer vil undergrave den lokale forvaltninga. Det er viktig at

grunneigarane er representert i verneområdestyra. Dersom det blir store utmarksstyrer må ikkje det føre til at færre grunneigarar blir representert i styret. Ofte er det nettopp det som skjer, to områder blir slege saman og arealet bak kvar grunneigarrepresentant blir større (altså krav om større areal for å få ei stemme).